

Forskrift om skule-/ og feriedagar 2026/2027 for grunnskulen i Fjord kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Fjord kommune 16.04.26 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskuleopplæring og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 14-2, 2. ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gjev informasjon om kva skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjelder for elevar ved alle grunnskular i Fjord kommune skuleåret 2026-2027.

§ 2 Skule- og feriedagar skuleåret 2026-2027:

Tabell for skuleruta

MÅNAD	MERKNAD	SKULEDAGAR
2026		
August	Første skuledag er måndag 17. august	11
September		22
Oktober	Hautferie veke 41. Måndag 5. - fredag 9. oktober	17
November		21
Desember	Siste skuledag før jul er fredag 18. desember	14
2027		
Januar	Første skuledag etter jul er tysdag 5. januar	19
Februar	Vinterferie veke 8. Måndag 22. – fredag 26. februar	15
Mars	Påskeferie. Måndag 22.mars til og med måndag 29. mars. Første skuledag etter påske tysdag 30. mars	17
April		22
Mai	Elevfri dag fredag 7. mai	18
Juni	Siste ordinære skuledag er fredag 18. juni	14
TOTALT		190

§ 3 Lokale variasjoner

Skulane kan gjere unntak frå § 2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, for eksempel grunna skuleturar.

§ 4 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft 1.august 2026 og sluttar 18. juni 2027.